

# Reguleringsføresegner - Detaljreguleringsplan for Jettegrytene m.m. – Planid 40302019002

---

## 1. Siktemålet med planen

---

*Detaljreguleringsplanen vil ha som hovudmål å styre og avgrense slitasjen på naturen i området for den nå nasjonalt kjende badeplassen Jettegrytene, ved at bruken, etter tilretteleggingstiltak, kjem i meir ordna former. Planen skal ivareta og sikre tryggleiken for dei besøkande. Planen avklarar også framtida til tømmerrenna som eit kulturminne, og vil kunne legge grunnlag for lokal næringsutvikling basert på dei eksisterande kultur- og naturressursane i området.*

## 2. Fellesføresegner for heile planområdet

---

2.1. All graving og sprenging i terrenget skal gjerast skånsamt.

2.2. Om det viser seg fyrst medan arbeidet er i gang at det kan verke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal fylkeskommunen kontaktast, og arbeidet bli stansa i den grad det kan røre kulturminnet. Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg- og seinast innan tre veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd).

2.3.1 Tiltakshavar skal sikre at alle tiltak blir gjennomført i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 7-12.

2.3.2 Dersom det under anleggsarbeid blir avdekt ytterlegare naturverdiar (t.d. holromstre, raudlista artar, viktige naturtypelokalitetar), skal arbeid stansast og kommunen varslast.

2.4.1 Tredelar med holrom innanfor planområdet skal merkast tydeleg før anleggsstart.

2.4.2 Desse trea skal bevarast og ikkje fellast.

2.4.3 Ved påvist hekkeaktivitet i slike tre skal det ikkje gjennomførast anleggsarbeid i hekketida.

2.5.1. Inngrep skal unngå område med størst potensial for førekomst av mørk papirveps, særleg

- Skrinne furuskogsområde med vest- eller sørvende berg i Bjønnmyraområdet.

2.5.2. Tiltak innanfor desse områda kan berre gjennomførast dersom det er gjennomført supplerande kartlegging som dokumenterer at arten ikkje førekjem.

2.6 Tiltaka skal planleggjast slik at:

- Lågen med furuplett (NT) blir bevart.
- Førekomstar av furustokkjuke (NT) ikkje vert hogne dersom dette er mogleg.

2.7 Det skal oppmodast om å ikkje fjerne eller bruke ved frå døde eller levande tre

## 3. Føresegner for arealformål

---

### 3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

#### Fritidsbustader (BFF1)

- *Grad av utnytting (§ 12-7 nr. 1))*

3.1.1. Eksisterande fritidsbustad kan utvidast til inntil 120 m<sup>2</sup> BRA.

#### Kommunaltekniske anlegg (o\_BKT1 – o\_BKT3)

- *Utforming (§ 12-7 nr. 1)*

3.1.2. I områda skal det kunne førast opp avfallsbu og/eller toalettbygg.

3.1.3. Bygga skal ha universell utforming.

#### Kombinertformål næring/tjeneste (N/T1)

- *Utforming (§ 12-7 nr. 1)*

3.1.4. Byggverk skal plasserast og formast ut i samsvar med plan- og bygningsloven § 29 og tilhøyrande forskrifter

3.1.5. Innanfor området er det tillate med opparbeiding og tiltak som gagnar friluftsliv og rekreasjon, under dette bygning, gapahuk, grillsted/illsted, benker bord osv. Tiltak som fremjar staden som sosial møteplass skal prioriterast. Områda skal opparbeidast slik at dei på best mogleg måte tilfredsstillar tilgjengelegheit og bruk for alle.

### 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

#### Køyrevegar (SKV1 – SKV4)

- *Utforming (§ 12-7 nr. 1)*

3.2.1. Køyrevegar skal byggast etter normalar for skogsbilveg, klasse III, dvs med vegbreidde (inkl. vegskulder) min. 4,0 meter, og maksimal stigning 10 %, over korte rettstrekningar 12 %.

3.2.2. Framføring av vegar skal gjerast så skånsamt som råd. Skjeringar og fyllingar skal dekkast til med stadeigne masser for revegetering.

~~3.2.3. Før bygging av SKV2 må det gjennomførast biologisk mangfald-registrering av traseen.~~

~~(Ei NiN-registrering er utført sommaren 2025.)~~

#### Parkeringsplassar (f\_SPP1 – f\_SPP3)

- *Om områda skal vere offentlege eller felles (§ 12-7 nr. 14).*

3.2.3. f\_SPP1 – f\_SPP3 er område for felles parkering. Parkeringsplassane skal tilhøyre eigarane av dei eigedomane der parkeringsplassane ligg.

### 3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

#### Fellesføresegner for grønstruktur (GT1-GT3 og GF1-GF2)

3.3.1. I desse områda kan det bare gjennomførast tiltak med føremål å legge til rette for allmentas bruk av Jettegrytene som badeplass.

#### Turvegar (GT1-GT3)

- *Utforming (§ 12-7 nr. 1)*

3.3.2. Delar av turvegane kan opparbeidast. Vegbreidda kan vere opp til 1,50 meter.

3.3.3. Tømmerrenna kan vedlikehaldast og eventuelt ombyggast med føremål vern gjennom bruk, dvs som gangbane i alternativ turveg (GT2)

- *Om områda skal vere offentlege eller felles (§ 12-7 nr. 14)*

3.3.4. Områda skal vere i offentlig (kommunal) eige.

3.3.5. ~~Før bygging av GT1 må det gjennomførast biologisk mangfald-registrering av traseen.~~

~~———(Ei NiN registrering er utført sommaren 2023.)~~

3.3.5.1. GT1 er hovudturvegen.

3.3.5.2 GT2 er berre ein alternativ turveg, og kan berre etablerast og nyttast dersom tiltakshavar:

- Gjennomfører naudsynte vurderingar av konsekvensar for sikkerheit, naturmangfald og
- Dokumenterer og gjennomfører alle avbøtande tiltak som er kravde

#### Friområde (GF1-GF2)

- *Vilkår for bruk av areal og anlegg (§ 12-7 nr. 2)*

3.3.6. Det er ikkje lov med bålbreining eller bruk av (eingongs)grillar i området. Desse opplysingane skal skiltast både i-, og ved inngangane til området.

3.3.7. Hogst i området skal bare skje som ledd i ein plan for vern av tømmerrenna, eller for å lette bruken av området til friluftsføremål.

3.3.8. Det skal sparast ei kantsone med vegetasjon langs vassdraget.

- *Om områda skal vere offentlege eller felles (§ 12-7 nr. 14)*

3.3.9. ~~Områdene skal tilhøyre eigarane av dei eigedomane der områda ligg.~~

3.3.10. Området skal ha utplassert redningsutstyr som livbøyer og redningstau, tydeleg skilta.

### 3.4 Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindriftsføremål (§ 12-5 nr. 5)

#### Fellesføresegner for landbruks-, natur- og friluftsområde og reindriftsområde (LSK1-LSK5)

- *Retningslinjer for særlege drifts- og skjøtselstiltak (§ 12-7 nr. 9)*

3.4.1. Ved skogsavverking skal det sparast kantsoner langs vatn og vassdrag.

### 3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

#### Fellesføresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag (VfV og VB1)

- *Utforming og vilkår for bruk av areal (§ 12-7 nr. 1, 2)*

3.5.1. Vasspeglar skal bevarast urørde som element i landskapet.

3.5.2. Det er ikkje lov med bålbrekking eller bruk av (eingongs)grillar i områda. Desse opplysingane skal skiltast både i-, og ved inngangane til området.

- *Retningslinjer for særlege drifts- og skjøtselstiltak (§ 12-7 nr. 9)*

3.5.3. All kantvegetasjon skal stå urørd. Det kan gjerast unnatak dersom føremålet med fjerning er sikringstiltak for allmenta eller for å synleggjere kulturminne.

#### Badeplass-/område (VB1)

- *Utforming (§ 12-7 nr. 1)*

3.5.4. Det er ikkje lov å gjere terrenginngrep eller utføre andre tiltak i området. Unnataket gjeld bygging av gangbru over vassdraget.

- *Om området/områda skal vere offentlege eller felles (§ 12-7 nr. 14)*

3.5.5. Området skal vere i offentlig (kommunal) eige.

3.5.6. Området skal ha utplassert redningsutstyr som livbøyer og redningstau, tydeleg skilta.

## 4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

---

### 4.1 Faresoner (§ 11-8 a) (sone H310, H320 og H370)

- *Krav eller forbod for å sikre tryggleik og avverje fare*

4.1.1. I faresone for steinskred skal det ikkje etablerast tiltak, unnateke turvegane GT1 og GT2.

4.1.2. I faresone for flaum skal det ikkje etablerast tiltak i tryggingssklasse F2 eller F3, jf. TEK17 § 7-2.

4.1.3. I faresone for høgspentanlegg skal det ikkje etablerast tiltak i tryggingssklasse 2 eller 3.

4.1.4. I faresone for snøskred skal det ikkje etablerast tiltak i tryggingssklasse S2 eller S3, TEK17 § 7-3.

4.1.5. Skog i utløyingsområde eller utløpsområde for steinskred eller snøskred kan ikkje avverkast som samanhengande snauflete langs heile utløpskorridoren.

### 4.2 Særlege omsyn til bevaring av anlegg (kulturmiljø) (§ 11-8 c) (sone H570\_1 – H570\_4)

- *Om bruk og vern*

4.2.1. For sonene H570\_1-3 er føremålet er å ta vare på restane av tømmerrenna og fløtingskjermane som lesbare vitne om den historiske bruken.

4.2.2. Innanfor desse omsynssonene må det ikkje setjast i verk tiltak som er i strid med dette føremålet.

4.2.3. Objektene i sonene 1-3 regulert til bevaring skal ikkje kunne rivast eller fjernast med mindre dette går fram av føresegn punkt 4.2.4. Vegetasjonsrydding rundt objektene er lov.

4.2.4. Restaurering og istandsetjing av objekt i omsynssonene 1-3 regulert til bevaring må skje

så skånsamt som mogleg. Det må likevel kunne opnast for ei ombygging av tømmerrenna slik at tryggleiken ved bruk av ho til gangbane kan ivaretakast.

4.2.5. I omsynssone H570\_4 kan det ikkje utførast tiltak eller arbeid som kan skade eller øydelegge jernvinneanlegget (ID 299372), eller ha negativ innverknad med tanke på å bevare anlegget.

#### **4.3 Særlege omsyn til bandlegging av anlegg (kulturmiljø) (§ 11-8 d) (sone H730\_1)**

- *Om bandlegging*

4.3.1. Jernvinneanlegget (ID 299372) er automatisk freda etter lov om kulturminne. Det kan ikkje setjast i verk tiltak som på nokon måte kan skade, forringe eller fjerne dette kulturminnet.

#### **4.4 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø (§ 11-8 c) (sone H560\_1)**

- *Om bruk og vern*

4.4.1. I omsynssona er all hogst av både levande og døde tre forbode.

4.4.2. Det skal setjast opp informasjonsskilt om brannområdet og potensielle førekomstar av raudlista insekt.